


God attest for Uskedalen

03.11.2012



**Kvinnheringen hadde fredag eit portrettintervju med Harald Sunde (76) og han kom med ein svært positiv attest for heimbygda si. Han sa dette:**

'- Det er meir å gle seg over i Uskedalen. Nærbutikk i vekst, aktivitetshus med mange vener og aktivitetar, vertshus i sommarsesongen, liv og røre på Dønhaug, flotte båthamner, den nyleg gjenoppstandne Festidalen, lokal nettavis og meir til. Vi bur i flott bygd med mange kreative sjeler. Eg er stolt over å vera uskedeling.'

Så langt Harald. Og betre kan det vel ikkje seiast?

Tekst og foto: Kvinnheringen